



Er sporet på Hauglandsfjellet etter ein jerv?

Er ein jerv komen over frå Gudbrandsdalen på streif i Hauglandsfjellet og omkring liggande område? Laila Framnes undrar på det etter at ho fann eit spor i nysnøen i føremiddag.

'Eg hadde overnatta i fjellet og var på veg ned att då eg såg sporet der Hauglandsfjellet er på sitt høgaste. Eg har ikkje forstand på det, men det såg ut til å vera ein sålegjengar. Eg har aldri sett spor etter ein jerv tidlegare.'
Seier Laila.

Det har heller ikkje Arne Tørje Haugland gjort i nærområdet vårt, men forbi hytta i Lundadalen i Skjåk opplever han ofte at det passerar jerv. Han har òg høyrte at det er sett streifdyr både i Uskedalen og i Omvikdalen for 10-15 år sidan. Då var det òg jerv i Blådalen oppunder Folgefonna.

'Men bjørn har det ikkje vore på desse kantar?'

'I allefall ikkje sidan bestefar min levde. Då vart eg fortalt at det var bjørn på Låganåso.'

Tekst: Ola Matti Mathisen

Foto: Arild Landa og Laila Framnes



Det er mykje jerv i Gudbrandsdalen som truleg òg er på vandring mot vest